



Vedtekter for SFO

§ 1. Føremål

Rammeplanen presiserer og utdypar verdigrunnlaget for SFO. Verdigrunnlaget for SFO byggjer på grunnleggande verdiar som også gjeld for barnehage og grunnopplæring. Noreg har slutta seg til internasjonale konvensjonar, slik som FN sin konvensjon om barnet sine rettar og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Verdigrunnlaget i rammeplanen byggjer også på desse.

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod for barn i 1.–4. klasse, og for barn med særskilde behov i 5.–7. klasse. Det skal leggast til rette for leik, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet/friluftsliv og sosial læring med utgangspunkt i barnet sin alder, funksjonsnivå, og interesser. Barna skal ha reell innverknad på eigen kvardag innanfor rammene til SFO.

SFO skal gje barna omsorg og tilsyn (opplæringslova § 13.7). Opplæringslova sitt krav om eleven sin rett til eit godt fysisk, psykisk og sosialt miljø gjeld også for SFO (opplæringslova § 9a). Skulen sitt ordensreglement gjeld og for elevar i skulefritidsordninga.

§ 2. Eigartilhøve

Bremanger kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane i samsvar med opplæringslova, gjeldande retningslinjer og føreskrifter, samt vedtak i kommunestyret.

§ 3. Styring, ansvar og medverknad

Kommunalsjef for oppvekst, kultur og fritid har det overordna administrative ansvaret for skulefritidsordninga. Driftssjef har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO-tilbodet ved skulen. SFO skal ha ein dagleg leiar, dette ansvaret ligg til driftssjef.

§ 4. Søknad

Søknad skal fyllast ut via foreldreportalen i Vigilo.

Søknadsfrist for hovudopptak er 1. juni. Tilbodet/plassen gjeld til den vert sagt opp. For elevar i 1. og 2. klasse er 12 timar gratis pr. veke. Desse timane vert fordelt med 2,4 timar pr. vekedag. Søknad vert sendt inn i Vigilo. Elevar vert rekna som 1. og 2.-klassingar til og med 31. juli det året dei tar til i høvesvis 2. og 3. klasse.

For barn i 5.- 7. klasse med særlege behov, må ein i tillegg til søknad leggje fram sakkunnig vurdering. SFO er gratis for elevar med særskilte behov på 5.-7. klasse.

Det kan søkjast om opptak gjennom heile året med start den 1. kvar måned når ordninga har kome i gang.



§ 5. Opptak

§ 5.1 Opptaksmynde

Driftssjef ved den enskilde skule er opptaksmynde.

§ 5.2 Opptakskriterier

Alle barn på 1.- 4. årssteg og barn med særskilde behov på 5.-7. årssteg som søker innan fristen, skal få tilbud om plass i skulefritidsordninga ved den skulen dei går på dersom der er nok påmelde.

Det må vere minimum tre påmelde for at det skal verte oppretta SFO-tilbod ved den enskilde skule. Dersom det er for få barn til at tilbodet kan gjevast, vil søkjar få tilbod om SFO ved anna skule.

§ 5.3 Opptaksperiode

SFO-tilbodet gjeld til plassen vert sagt opp.

§ 5.4 Klage på opptak

Klage vert sendt til driftssjef ved den enskilde skule. Dersom driftssjef opprettheld vedtaket sitt, er klageutvalet i Bremanger kommune klageorgan.

§ 6. Tilbod

§ 6.1 Ordinær opphaldstid

Ordinær opphaldstida følgjer skuleruta og opningstidene ved den enskilde skule ser slik ut:

		Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Timar pr veke	Pris pr. mnd.
Svelgen	Føremiddagsøkter	06:45 - 08:45	06:45 - 08:45	06:45 - 08:45	06:45 - 08:45	06:45 - 08:45	10 t	1 200
	Ettermiddagsøkter	13:40-15:30	14:35 - 15:30	13:40-15:30	13:40-15:30	12:55 - 15:30	9 t	1 080
	Kombinasjon	Seks økter, samansett av føremiddags- og ettermiddagsøkter						1 596
	full plass						19 t	2 280
Hauge	Føremiddagsøkter	07:00 - 08:45	07:00 - 08:45	07:00 - 08:45	07:00 - 08:45	07:00 - 08:45	8,75 t	1 050
	Ettermiddagsøkter	13:35 - 16:00	13:35 - 16:00	14:20 -16:00	13:35 - 16:00	12:30 - 16:00	12,41	1 489
	Kombinasjon	Seks økter, samansett av føremiddags- og ettermiddagsøkter						1 687
	full plass						21,16 t	2 539
Kalvåg	Føremiddagsøkter	07:00 - 08:25	07:00 - 08:25	07:00 - 08:25	07:00 - 08:25	07:00 - 08:25	7,08 t	850
	Ettermiddagsøkter	14:05 - 16:00	14:05 - 16:00	13:00 - 16:00	14:05 - 16:00	12:05 - 16:00	12,66 t	1 519
	Kombinasjon	Seks økter, samansett av føremiddags- og ettermiddagsøkter						1 656
	full plass						19,74 t	2 369
Ålfoten	Føremiddagsøkter	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	5,25 t	630
	Ettermiddagsøkter	14:30 - 16:00	14:30 - 16:00	12:45 - 16:00	14:30 - 16:00	13:30 - 16:00	10,25 t	1 230
	Kombinasjon	Seks økter, samansett av føremiddags- og ettermiddagsøkter						1 302
	full plass						15,5 t	1 860
Davik	Føremiddagsøkter	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	07:30 - 08:45	5,25 t	630
	Ettermiddagsøkter	14:30 - 16:00	14:30 - 16:00	12:45 - 16:00	13:30 - 16:00	14:30 - 16:00	10,25 t	1 230
	Kombinasjon	Seks økter, samansett av føremiddags- og ettermiddagsøkter						1 302
	full plass						15,5 t	1 860



§ 6.2 Ordinære SFO-tilbud

Pris per time er i utgangspunktet kr. 30,-

SFO har følgende tilbud:

1. Føremiddagsøker heile veka
2. Etermiddagsøker heile veka
3. Kombinasjon av til saman seks føremiddags- og ettermiddagsøker*
4. 100 % plass

* Det vert gjort ein avtale mellom oppvekstsenteret og foreldra på seks valfrie økter i løpet av veka. Avtalen er bindande, slik at det vert dei same øktene gjennom skuleåret.

§ 7. SFO-tilbud i skuleferiar

Ved behov kan skulane ha tilbud om SFO i feriar. Dette tilbudet gjeld alle skulen sine feriar minus to veker om sommaren (når barnehagen er stengt). SFO i ferien er open, tilpassa behovet, men det må vere minst tre påmelde kvar dag. Det er eigne betalingssatsar for SFO-tilbud i skuleferiane. Påmeldingsfrist gjeld som ved ordinær opphaldstid og er bindande.

Kjøp av opphald i feriar er kr. 300,- pr. dag.

§ 8. Endring og oppseiing av plass

Foreldre/føresette kan seie opp eller endre tilbudet til barnet via foreldreportalen i Vigilo. Oppseiingsfristen er ein månad. Ved byte til eit mindre tilbud gjeld oppseiingsfristen på ein månad. Ved byte til større tilbud kan endring gjelde straks dersom det er ledig plass. Endringar kan gjerast ein gang pr. år.

Kommunen kan seie opp plassen ved misleghald av betaling (sjå § 9).

§ 9. Foreldrebetaling

Kommunestyret vedtek satsane for foreldrebetaling. Gjeldande satsar står som oppslag på heimesida til kommunen. Foreldra betalar f.o.m. den dagen skulen startar i august til skulen sluttar i juni, totalt 10 månader. Betaling for plass har forfall den 20. kvar månad.

Det er høve til å kjøpe ekstra dagar, samt morgon eller ettermiddag, dersom det er plass. Betalinga vert då rekna for kvar time og satsen er kr. 75,-. SFO er gratis i 12 timar av opphaldstida for elevar i 1. og 2. klasse.

Familiar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling for SFO-plass for barn i 2. til 4. klasse, jamfør moderasjonsordningar i SFO, (Forskrift til opplæringslova - Kapittel 1B Skolefritidsordninga).

Misleghald av betaling med 2 månader restanse er lik oppseiing av plass.



§ 10. Leike og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal i skulefritidsordninga er oppvekstsenteret sitt uteareal og disponible rom . Inne bør arealet vere om lag 4 kvadratmeter pr. barn. Arealet ute og inne skal vere tilpassa den aktiviteten som går føre seg. Det fysiske miljøet i SFO skal vere i samsvar med gjeldande retningsliner i forskrift om miljøretta helsevern i skular.

§ 11. Tilsetjing og personale

§ 11.1. Personale i skulefritidsordninga er tilsette i Bremanger kommune, og bemanninga skal vere forsvarleg. Sjå og § 3. Det skal til vanleg vere ei grunnbemanning på 1 vaksen per 15 barn.

§ 11.2. Alle som arbeider og oppheld seg i skulefritidsordninga skal leggje fram tilfredsstillande politiattest (opplæringslova § 10-9).

§ 11.3. Alle tilsette i SFO har teieplikt etter forvaltningslova § 13.

§ 11.4. Personalet på SFO har opplysningsplikt til barnevernstenesta etter opplæringslova §§ 15–3 og 15-4.

§ 11.5. Tilsette i skulefritidsordninga har plikt til å samarbeide med barnehagen og skulen om overgangen frå barnehage til skule/SFO, jf. opplæringslova § 13-5.

§ 12. Verksemdsplan

Alle skulefritidsordningane skal ha ein årsplan.

§ 13. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene vert vedteke av kommunestyret etter høyring slik at brukarar og tilsette får uttale seg før saka vert politisk handsama.

§ 14. Iverksetting og kunngjering

Vedtektene trer i kraft frå det tidspunkt skuleeigar bestemmer. Vedtektene skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på kommunen og skulen sine nettsider.

Vedteke i kommunestyret 15.12.2022

Vedtektene skal rullerast innan 2025.